



Henriette Meyer
Starefossbakken 13 C
5019 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2833 - 15/32116

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
14.10.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 238/26 Eknes indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.07.2015. Vi ber om orsak for at vi ikkje har kome med denne tilbakemeldinga tidlegare.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi kan ikkje sjå at søknaden er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 21-3. Dispensasjonssøknaden må nabovarslast og gjenpart må sendast til kommunen.

Skjema for nabovarsling er å finne på:

<http://dibk.no/no/BYGGEREGLER/Byggesoknader/Byggesaksblanketter/>

Her bruker du blankett 5154, 5155 og 5156.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert **sendt inn samla innan 11.11.2015**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Vi vil gjere merksam på at tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1), og at denne saka vil vere komplett når dokumentasjonen som er etterspurt i dette brevet er motteke.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Henriette Meyer

Starefosbakken 5019
13 C

BERGEN